



Magne Huglen er sentral i strukturdebatten

**Skulen i Uskedalen må utbetrast no uansett kva som vert den meir langsiktige løysinga.**

**Det understrekar uskedelingen Magne Huglen (Arbeidarpartiet) som leiar komite for oppvekst, kultur og idrett og som står sentralt i den nye struktur-runden. Den startar for ålvor med komitemøte i morgon og går vidare i formannskap og kommunestyre.**

**Det er grunn til å tru at den politiske dragkampen blir hard og tildels kjenslelada også denne gongen, men at forslaget frå rådmannen ved kommunalsjef Asbjørn Skår i store drag får fleirtal.**

Det betyr endringar i 3 skulekrinsar allereie til hausten. Huglen strekar under at hans parti har teke saka svært ålvorleg og allereie halde fleire møter. Det fyrste var eit medlemsmøte for to veker sidan der Skår orienterte og også utdanningsforbundet var representert.

På eit nytt medlemsmøte kom partiet så ut med si prinsipielle meining og det skjedde nesten samrøystes. Steg nummer 3 i

handsaminga var då partiet presenterte sitt syn i fleirtalskoalisjonen på fredag. Der vart det ikkje klubba samrøystes igjennom.

-Men våre egne møter har vore gode møter der skulen har stått i sentrum, oppsummerar Huglen for uskedalen.no

Han innrømmer at alle nedleggingar vil vera smertefulle og i fyrste omgang vil dei neppe føra til kvalitetsheving.. Men dei er naudsynte for å rydda opp i ein svært skakk-køyrd økonomi og for at skulen i kommunen på sikt skal oppleve ein heving av kvaliteten. Det er Arbeiderpartiets målsetjing med det som no er iferd med å skje, understrekar Huglen. Han peikar på at ein kan spare pengar allereie frå 1. august ved endringar av strukturen i ytre luten samt Ølve.

- Men kva med Bringedalsbygdas skjebne?

- Eg tek ikkje standpunkt no til om elevane derifrå skal ende i Uskedalen eller Undarheim skular, men på eit eller anna tidspunkt bør ein av desse stå klar for eit slikt mottak. Kanskje blir løysinga ein stor Husnes-skule med Bringedalsbygda. I alle fall verkar det naturleg med ei løysing først for ytre luten.

I indre luten kan ein på lengre sikt også vurdere ein felles skule der også Uskedalen er med, seier Huglen som rundar av med å beskrive økonomien slik:

- Vi har no ikkje berre skore inn til beinet, vi har skore inn i beinet. Heretter kan vi ikkje halda fram med berre å stramma inn, vi må også heve kvaliteten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen